

Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017

Geir Angeltveit (V) sette på vegner av V og MDG fram slikt forslag:

- (a) «Endring punkt 6: (endringa står i kursiv)
Miljøvenleg og berekraftig innkjøp
- (b) Fylkestinget ber om at det vert nytta 3. parts miljømerking i samband med innkjøp og anskaffingar, og det skal nyttast som tildelingskriterium.
Kor i prosessen ein vel å eventuelt stille krav om 3. parts sertifiserte miljømerker er ei annskafelsesfagleg vurdering.
- (c) Fylkestinget ber om at ein i anbudsprosessar jobbar for å få inn fleire tilbydarar.»

Daniel Charles Hextall (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 11:
Hordaland fylkeskommune skal streve etter å bruke bedrifter med lærlingar ved innkjøp.»

Mari Klokkestuen Kjellesvik (A) sette fram slikt forslag:

«Endring: (endringa står i kursiv)
Leggje til eit avsnitt under kapittel 5. Innkjøpsprinsipp punkt 7 (samfunnsansvarlege innkjøp):

Hordaland fylkeskommune skal gjennom sin innkjøpspraksis ivareta etiske retningslinjer. Fylkeskommunens direkte og indirekte innkjøp skal vere etisk forsvarlege og ikkje bidra til brot på folkeretten og menneskerettane. Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som *ILO sin kjernekonvensjon*.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:
Hordaland fylkesting går inn for at hovedregelen ved fylkeskommunale innkjøp / oppdrag er at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkjande tariffavtale.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

«Siste line vert endra frå: (endringa står i kursiv)
«Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO-konvensjonen»
til
«Innkjøpspraksis skal vera i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som *ILO sine kjernekonvensjonar*».

Hextall trekte sitt forslag.

Kjellesvik trekte sitt forslag.

Røysting

Innstillinga 1. avsnitt vart samrøystes vedteken.

Innstillinga 2. og 3. avsnitt med endringa frå Strømmen vart vedteken mot 11 røyster (KrF, Frp).

Angeltveit sitt forslag (a) vart vedteke mot 7 røyster (Frp).

Angeltveit sitt forslag (b) fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.

Angeltveit sitt forslag (c) 8 vart vedteke mot 7 røyster (Frp).

Kollbotn sitt forslag fekk 30 røyster (A, SV, R, V, MDG) og vart vedteke.

Vedtak

Fylkestinget vedtek at det framlagte utkastet til innkjøpspolitikk vert gjort gjeldande som Hordaland fylkeskommune sin innkjøpspolitikk.

Ekstra avsnitt under kapittel 5. Innkjøpsprinsipp punkt 7 (samfunnsansvarlege innkjøp):
Hordaland fylkeskommune skal gjennom sin innkjøpspraksis ivareta etiske retningslinjer. Fylkeskommunens direkte og indirekte innkjøp skal vere etisk forsvarlege og ikkje bidra til brot på folkeretten og menneskerettane. Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO sine kjernekonvensjonar.

Endring punkt 6:
Miljøvenleg og berekraftig innkjøp

Fylkestinget ber om at ein i anbudsprosessar jobbar for å få inn fleire tilbydarar.

Hordaland fylkesting går inn for at hovedregelen ved fylkeskommunale innkjøp / oppdrag er at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkjande tariffavtale.